

Møtereferat 5.

Møtestad: Smia, Grodås

Tid: Torsdag 18.5.17, kl 19 00 – kl 21 00

Innkalling: Sonja Håvik

Til stades:

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Siv Madeleine Kristensen

Rolf Taraldset

Jon Tvinnereim

I tillegg til medlemmene i Nemnda for kommunenamn og heraldikk var ordførarane i Hornindal og Volda, Stig Olav Lødemel og Jørgen Amdam, til stades, saman med journalistar frå avisene i nærområdet.

Første delen av møtet:

Dette var lanseringsmøte for namn på den nye kommunen.

Leiaren i Nemnda ønskte vel møtt og las opp namna på dei som vann gevinstante i lotteriet der alle som sende inn namneforslag, var portensielle vinnarar. Det vekte noko oppsikt og humor at to av dei tre vinnarane hadde same etternamn som to av medlemmane i Nemnda. – Odd A. Folkestad, som ikkje var ein av dei to, forsikra forsamlinga om at trekkinga hadde gått rett for seg.

Vinnarane:

1. Busetnads saga for Volda.

Vinnar: Ingvild Marie Taraldset, Bergen.

2. Nordfjordboka

Vinnar: Oddbjørn Røys, Volda

3. Eit nettbrett

Vinnar: Atle Tvinnereim, Trondheim

Leiaren i Nemnda las opp grunngjevinga for valet av forslag til namn på den nye kommunen.

Konklusjonen var følgjande:

Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk foreslår etter ei samla vurdering samrøystes at namnet på den nye kommunen blir VOLDA.

Ordførarane Stig Olav Lødemel og Jørgen Amdam fekk overrekt kvar sitt eksemplar av tilrådinga. Dei to takka Nemnda for godt arbeid.

Andre delen av møtet:**AnnONSE for konkurranse om nytt kommunevåpen.**

På bakgrunn av leiaren sitt utsende utkast til annonse i dei same avisene som vart nytta i samband med namn på den nye kommunen, vart innhald og form på annonsen diskutert.

Endringar i det utsende utkastet blir innarbeidde utan nytt møte, og tidspunkt for annonsering blir bestemt.

Ordførarkjede

Nemnda diskuterte uformelt korleis ein på beste måte kan få fram ny ordførarkjede for den nye kommunen.

Neste møte i Nemnda:

Måndag 4. september i Volda rådhus.